

Til Alver kommune

Avdeling for arealforvaltning

Frå Alver kommune

Eigedomsforvaltning

Avdeling for bygg, areal og grønt

13.02.2022

Søknad fritak frå søknadsplikt, Knarvik ungdomsskule gnr 185/bnr 143 og 148

Alver kommune eigedomsforvaltning, avdeling for bygg, areal og grønt søker herved om fritak frå søknadsplikt for tiltak etter paragraf 4.1 i plan og bygningslova, for tiltak på gnr 185-bnr 143 og gnr 185-bnr 148 i Knarvik.

Knarvik ungdomsskule har i ei årrekkje hatt for lite uteareal i høve elevtalet, og slitt med å oppnå godkjenning frå miljøretta helsevern. Utfordringa vart særleg tydeleg då Covid-pandemien oppstod. Elevtalet ved skulen er på veg oppover.

For å skaffa skulen godkjent uteareal, ønskjer Alver kommune å opparbeida enkle tiltak i skogsområdet sør for skulen. Kommunen har utarbeida planar for opparbeiding av grusa gangstiar, utandørs treningsapparat, gapahuk, benkar og liknande installasjonar.

Dei einaste bygningane som skal reisast er ein gapahuk på utearealet og eit enkelt skur for samling av bossdunkar. Begge bygningar vil vera under 15 kvadrat grunnflate. Grusveggar vil bli lagt på duk utan sprenging eller andre større inngrep. Apparat og installasjonar vil bli montert på bakkeplan utan å endra høgde på planert underlag. Alle apparat og installasjonar vil vera reversible tiltak.

Arbeidet er lyst ut på anbod gjennom anbodsportalen Mercell, og vil bli utført av godkjent anleggsgartnerfirma. I anbodskonkurransen er det mellom anna stilt krav til referanseprosjekt.

Det vart sendt søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for eit mindre område lengst sør datert 24.11.2021. I dette området er det berre lagt opp til grusa gangveggar og enkle, reversible tiltak.

Mvh for Alver kommune,

eigedomsforvaltning

Atle Vaage

Vedlegg; Situasjonsskart frå anbodsgrunnlag, utarbeidd av Norconsult og Alver kommune.